



OPPLÆRINGS-
KONTORET

FOR OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE

Årsmelding 2024



© OKOS, Teorikurs reinhaldsoperatørar september 2024

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane SA

www.okosweb.no

Askvoll kommune - Bremanger kommune - Fjaler kommune - Gulen kommune - Hyllestad kommune - Høyanger kommune
Solund kommune - Sunnfjord kommune – SYSIKT - Vik kommune

Innhald

<i>Forord</i>	3
<i>Innleiing</i>	4
<i>Medlemsbedrifter 2024</i>	5
<i>Fagbrev og kontraktar</i>	5
<i>Rekruttering</i>	6
<i>Samarbeidsavtale med den vidaregåande skulen</i>	8
<i>Internasjonalisering</i>	9
<i>Kurs og samlingar</i>	9
<i>Ny opplæringslov og forskrift</i>	10
<i>OKOS-nytt</i>	10
<i>Økonomi</i>	10

Forord

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) har frå 01.01.2020 vore drifta som eit Samvirkeforetak (SA), noko som vi tenkjer er med å gje medlemsbedriftene auka moglegheiter til styring og utvikling av OKOS.

Vi har hatt ei stabil medlemsmasse, men må heile tida søkje å rekruttere inn fleire medlemsbedrifter i åra framover.

Visjonen for opplæringskontoret er å bidra til at offentlig sektor skal vere ein attraktiv arbeidsplass, både no og i framtida. Dette gjer vi ved støtte bedriftene i læringsarbeidet, og lærlingane i utviklinga fram mot eit fagbrev.

Drifta vår syner god oppfølging av lærlingane og medlemsbedriftene med tilrettelegging av både fysiske og digitale kurs i tillegg til direkte oppfølging ute i den enkelte kommune. Medlemsbedriftene har dei siste åra hatt ein betre kontinuitet i etterspørsel av lærlingar, dette er, og vil vere viktig faktor for drift av OKOS.

Det er all grunn til å tru at OKOS vil kunne gje eit godt bidrag til fag- og yrkesopplæringa i åra framover.

Utover dette har eit av styret sitt fokusområde for 2024 vore å finne ei betre arbeidsform for dialog og oppfølging av medlemsbedriftene. For OKOS er dette særskild viktig for å forstå utfordringsbilde knytt til behov for rekruttering og kompetanse samtidig som mange av medlemsbedriftene har eit stort behov for omfordeling av arbeidskraft mellom oppvekst og helsesektoren. I den samanheng er det viktig for OKOS å få synleggjort korleis vi kan vere ein resurs for medlemsbedriftene. I tillegg ser vi at medlemsbedriftene i større grad kan nytte tenestene våre knytt til vaksne lærlingar, våre nye landsmenn og satsinga vi kan bistå medlemsbedriftene med.

Dagleg leiar i OKOS har varsla sin avgang så styret har etter god dialog med leiar lagt ein god og realistisk plan for rekruttering og tilsetjing av ny leiar ved årsskifte 2025-2026.

Førde, 2. april 2025



Anne Kristin Førde
Styreleiar

Innleiing

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS) legg med dette fram si årsmelding for driftsåret 2024.

Kontoret er den største nettverksorganisasjonen innan fagopplæring for offentlig sektor i Sogn og Fjordane.

Styret har i perioden hatt 4 ordinære styremøte og årsmøte. I tillegg har det vore tett dialog mellom styreleiar og dagleg leiar mellom møta.

Organisasjonen sine vedtekter er det formelle grunnlaget for OKOS si verksemd og reviderast ved behov.

Saman med sine medlemsbedrifter har OKOS vore juridisk ansvarleg for omlag 80 lærekontraktar innan faga barne- og ungdom, helsearbeidar, reinhaldsoperatør, IT-driftsfaget og dataelektronikar.

Administrasjon og kvalitetssikring av lærlingordninga er viktige driftsoppgåver.

Sentrale arbeidsområde for kontoret har vore formidling av søkarar til læreplass, etablere og vedlikehalde kontraktar for det enkelte læreforhold, kursverksemd for lærlingar og instruktørar, oppfølging og kvalitetssikring av lærlingordninga, ivareta individuell tilrettelegging, samt rådgjeving til medlemsbedriftene.

Styret

Styret består av 5 medlemmar, 4 frå medlemsbedriftene og 1 frå Fagforbundet. Medlemmane blir valt for 2 år om gangen slik at berre halvparten av medlemmane er på val kvar gong.

Styreleiar er på val kvart år.

Styret har i perioden april 2024 – til årsmøtet i april 2025 hatt denne samansetninga:

Anne Kristin Førde	Styreleiar (Bremanger kommune)
Ingvard Andreas Flekke	Nestleiar (Fjaler kommune)
Dagun Muri	Medlem (Sunnfjord kommune)
Frode Merkesvik	Medlem (Høyanger kommune)
Magne Hestad	Medlem (Fagforbundet)
Dag Kåre Ripe	1. varamedlem (Sunnfjord kommune)
Elin Garnes Solås	2. varamedlem (Hyllestad kommune)
Sigrun Bøe Perez	Varamedlem (Fagforbundet)

Sekretariat/administrasjon

Dagleg leiar: Hans-Børge Lillehaug

Administrasjonssekretær: Malene Hovland Vie

Medlemsbedrifter 2024

Bedrifter som driv fagopplæring i relevante fag for sektoren kan søke om medlemskap.

Pr. 31.12.2024 var 10 godkjente lærebedriftene tilknytt opplæringskontoret:

Askvoll kommune
Bremanger kommune
Fjaler kommune

Gulen kommune
Hyllestad kommune
Høyanger kommune

Solund kommune
Sunnfjord kommune
SYSIKT
Vik kommune

SYSIKT Kommunalt Oppgavefelleskap signerte samarbeidsavtalen med OKOS 18.11.2024 og blei formelt tatt opp som lærebedrift etter vedtak i styret 29.11.24

Fagbrev og kontraktar


Fullførte fagbrev

Oversikten under viser fullførte fagbrev pr. fag dei siste 5 åra.

Det tar normalt 2 år med læretid før kandidaten kan gå opp til fagprøven.

Nedgangen i fullførte fagbrev frå 2021 til 2022 skyldast endring i medlemsstrukturen i IKT-faga. Det er mindre aktuelt for kommunane å ha eigne læringar i faget slik denne tenesta er organisert.

I 2024 var nedgangen på fullførte fagbrev på om lag 26%.




Fagprøveresultat - Kvalitetsutvikling i helse- og oppvekstfaga

I perioden 1997-2024 har 940 kandidatar i 14 ulike fag fullført si fagopplæring gjennom OKOS.

I 2024 var det 31 kandidatar (2023:42) som fullførte si utdanning, . Av desse var det 13 (2023: 27) som fekk vurdert prøva til bestått mykje godt.

Figuren under viser prosentvis andel av kandidatar som har fått vurdert sin fagprøve til mykje godt bestått pr. fag.



Toppresultatene i barne- og ungdomsarbeidarfaget er stabile, men for helsearbeidarfaget er delen for 2024 tydeleg redusert.

Språkutfordringar for kandidatar med utanlandsk bakgrunn i helsesektoren, både munnleg og skriftleg, er truleg ein del av forklaringa.

Rekruttering


Medlemsbedriftene melder inn sitt behov for nye lærlingar til opplæringskontoret kvart år. OKOS formidlar og oppdaterer [oversikt](#) over aktuelle arbeidsgjevarar og fag på heimesida.

I tillegg til bedrifta si eiga annonsering blir oversikta over ledige lære plassar også formidla direkte til aktuelle kandidatar i faga. Kandidatane søker lære plass til dei aktuelle arbeidsgjevarane som veljar sine kandidatar.

I samsvar med gjeldande rutine blir nye kontraktar registrert i databasen for lærekontraktar, VIGObedrift.

Val av kontraktstype vurderast individuelt; lærekontrakt, «Fagbrev på jobb»-kontrakt eller opplæringskontrakt. Fylkeskommunen godkjenner til slutt kontraktane med bakgrunn i det nasjonale regelverket.

Oversikten under viser samsvaret mellom ønska/annonserte læreplassar og tal nyrekruttering.



Det samla tal annonserte læreplassar har vore stabilt dei siste 5 åra, men med noko variasjon mellom medlemsbedriftene. OKOS sine medlemsbedrifter har i hovudsak hatt fokus på dei sentrale kommunale faga, barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsearbeidarfaget.

Helsearbeidarfaget: Med bakgrunn i kommunane sitt tenestebehovet på kort og lang sikt har rekruttering til helsesektoren vore prioritert.

Resultata frå 2024 viser at interessa for lærekontrakt i faget frå kvalifiserte søkarar var urovekkande låg. Tal nye kontraktar utgjør berre 1/3 av kva som blei rekruttert pr. år i perioden 2020-2023, sjå framstilling på neste side.


Om lag 80% av elevane i avgangsklassane ønskte ikkje lærekontrakt, men prioriterte i hovudsak vidare utdanning mot studiekompetanse. På sikt er det mogleg at nokre av desse kommer tilbake til sektoren etter fullført høgskuleutdanning, men manglar den praksisnære utdanninga som eit fagbrev gir.

Over halvparten av dei som fekk kontrakt har utanlandsk bakgrunn .

Dersom rekrutteringssituasjonen for dette faget blir uendra også i 2025, vil det i samarbeid med dei mest råka medlemsbedriftene være naturleg å sjå på aktuelle tiltak. Dessutan kan ein nedgang av det samla tal kontraktar bli utfordrande for økonomien for kontoret, og dermed aktiviteten til OKOS på sikt.

Ei endring av strukturen for kontoret kan tvinge seg fram.

Grafen på neste side viser rekruttering pr. fag etter at OKOS blei etablert som eigen eining.



Reinholdsoperatørfaget: Gjennom eit prosjekt med Sunnfjord kommune blei det gitt kontrakt for opplæring for 9 tilsette i reinholdsoperatørfaget (ROF). Fagbrev på jobb-ordninga har her vore avgjerande.

I samarbeid med Vestland fylkeskommune fekk kandidatane tilbod om teorikurs i faget med gjennomføring på Førde vidaregåande skule. Dette var viktig da kandidatane må ha bestått teorikravet gjennom ein skriftleg/munnleg eksamen før kandidatane kan meldast opp til fagprøve. Framsidebildet til denne årsmeldinga er tatt frå teorikurset.

På grunn av at dei fleste deltakarane har anna kulturell bakgrunn kan norskkunnskapane vere utfordrande, spesielt skriftleg norsk.

Barne- og ungdomsarbeidarfaget: Her har rekrutteringa over tid vore stabil og tilfredsstillande, men nokre av dei mindre kommunar har hatt ubesette læreplassar.

Pr. 31.12.24 hadde OKOS til saman 75 aktive kontraktar. Av desse var om lag 12 % menn.

Samarbeidsavtale med den vidaregåande skulen

OKOS har hausten 2024 arbeid med å få på plass ein ny 2-åreg samarbeidsavtale med Førde vidaregåande skule.

Føremålet med avtala er å legge til rette for eit styrka og systematisk samarbeid mellom skulen og OKOS, med mål om å

- Støtte rekrutteringa til utdanning i aktuelle yrkesfaglege utdanningsprogram
- Styrking av utdanninga i aktuelle utdanningsprogram
- Ivareta rekruttering til læreplassar og framtidig arbeid i OKOS sine medlemsbedrifter

I tillegg vil det naturleg bli utarbeid eit sett med konkrete tiltak som skal sikre at målsettingane blir nådd på kort og lang sikt.

Både skulen og medlemsbedriftene vil tene på samarbeidsavtalen.

Etter ei nærare vurdering kan det også vere aktuelt å etablere samarbeidsavtale med andre vidaregåande skular viktige for våre medlemsbedrifter.

Internasjonalisering

OKOS gjennomførte våren 2024 utplassering av 4 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget over 3 veker i barnehagar i Tallinn, Estland. Lærlingane kom frå Sunnfjord kommune og Vik kommune, samt 2 frå Voss Herad.

Det er konkrete planar for å vidareføre dette prosjektet også i 2025, og da vil også helsearbeidarfaget, kor rekrutteringsutfordringane er vesentleg større, bli inkludert.

Tiltaket er i hovudsak finansiert av EU-midlar gjennom [Erasmus+](#), EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett.

Det er ei målsetting at slike tiltak skal auke det faglege utbytte for den enkelte deltakar. For arbeidsgjevar er truleg omdømme som attraktiv lærebedrift det viktigaste.

Kurs og samlingar

OKOS har i 2024 vidareført sine opplæringstiltak for lærlingar, instruktørar og faglege leiarar.

Desse er med på å kvalifisere medlemsbedriftene som lærebedrift og ivareta kompetansemål som vanskeleg kan dekkast av den enkelte bedrift. Nokre av tiltaka har også som målsetting å fordjupe eller repetere opplæring frå den vidaregåande skulen.

Kursinnhaldet har ei stor fagleg bredde, så det er derfor nødvendig å samarbeide med ei rekke institusjonar og enkeltpersonar for å sikre eit godt fagleg utbytte.

OKOS har så langt betalt alle kostnadane med planlegging og gjennomføring av kursa.

Kursa blir marknadsført direkte til aktuell målgruppe og påmelding blir ivaretatt gjennom eit eige webbasert påmeldingssystem via heimesida vår.

Ny opplæringslov og forskrift

Gjennom etablering av ny opplæringslov i 2023 og forskrift til loven i 2024 blei det tydeleg at fagopplæring har ein viktig funksjon i verdiskapinga for dei ulike bransjane i samfunnet.

Opplæringslova gir nå ufaglærte rett til organisert vidaregåande opplæring fram til oppnådd yrkeskompetanse og gjelder for alle fag og kontraktstyper.

Praksiskandidatordninga derimot, kor kandidaten ikkje inngår i eit formelt læreløp, gir ikkje ein slik rett.

Dersom ein lærebedrift har kapasitet til å organisere formelle læreløp vil det vere fagleg gunstig framfor å bruke praksiskandidatordninga som ikkje gir rett til allsidig praksisopplæring, vurderingssamtalar eller OKOS si kvalitetssikring gjennom digital logg, e-læringskurs, webinar eller delta på relevante kurs og samlingar.

Opplæringskontora er i lovverket definert som Samarbeidsorgan og kan gjennom ein samarbeidsavtale, teikne lærekontrakt på vegne av lærebedrifta. Alle medlemsbedrifter må ha ein slik avtale med OKOS for at kontoret kan ivareta lærebedrifta sine behov.

OKOS ser fram til å vidareutvikle samarbeidet med fylkeskommunen, spesielt med bakgrunn i de moglegheitene som ligg i handlingsrommet i den nye opplæringslova.

OKOS-nytt

Omlag 4-5 gangar pr. år blir det publisert nyheitsblad med omtale av opplæringskontoret sine aktivitetar og anna informasjon. Målgruppa er medlemsbedriftene og aktive lærlingar, samt andre med interesse for OKOS sitt arbeid og aktivitet.

OKOS-nytt blir som rutine gjort [tilgjengeleg](#) på heimesida.

Økonomi

Utbetaling av tilskot til medlemsbedriftene

Det blei utbetalt omlag 2,85 mill. (3,73 mill. i 2023) til medlemsbedriftene i ordinært lærlingtilskot.

Rekneskapen

Resultatrekneskapen for driftsåret 2024 viser eit driftsoverskot på kr 101.340.- (2023: eit underskot på kr 600 381.-). Budsjettet i 2024 var eit rekneskap i balanse og driftsoverskotet blir overført til eigenkapitalen.

Bankinnskott i Sparebank1 pr. 31.12.2024 er bokført med kr 2 965 147,25 inklusiv skattetrekkonto på kr 56 381.-

I balansen pr. 31.12.24 er sum Eigendelar oppført med kr 2.572.250.-

Viser til rekneskapsrapport og revisjonsmelding og for detaljar.